

No i september deltek også skulen i Uskedalen i dei omdiskuterte nasjonale prøvene, men dei omfattar berre femte klasse og i den går det berre seks elevar. Fordi det er færre enn ti vil ikkje resultatet bli offentleggjort. Ein vil ikkje stigmatisera desse bestemte elevane, seier rektor Vidar Haugland til uskedalen.no.



Rektor Vidar Haugland: - Prøveresultata gjev ikkje svar på alt.

Prøvene er leseprøvar i engelsk som elevane svarar på sjølv digitalt denne veka og den 23. og 25. september kjem turen til rekning og norsk lesing.

Hensikten med prøvane er å gje informasjon som eit grunnlag for forbetnings- og utviklingsarbeid, Frå sentralt hald heiter det at prøvane vil gje ein god peikepinn om kor elevane står men at dei ikkje er uttømmende.

- Nei, prøvane må nyttast med vit og ein må ikkje overdrive betydningen av dei. Dei gjev berre ei rettesnor på korleis elevane ligg an i dei aktuelle faga, presiserar rektor Haugland.

Han er med andre ord einig med inspektør Ingvill Gåsemyr Sæberg ved Undarheim skule som seier til Grenda at prøveresultata ikkje fortel alt ein treng vita om elevane og skulen. – det er mange kvalitetar i den norske skulen som ikkje kan målast i strame prøveformar.

- Men fagleg sett, i forhold til Kunnskapsløftet, gjev prøveresultata gode indikasjonar på kva som er bra og kva som må betrast, seier Gåsemyr Sæberg.

Av Ola Matti Mathisen